



Retningslinjer for prosjektstøtte til allmennkultur og idrett

Retningslinjene for ordninga vart vedtatt av kultur- og folkehelseutvalet 6. februar 2024, i sak PS 8/24. Dei vart sist justert 3. juni 2025, i sak RS 20/25.

Formål

Tilskotsordninga skal bidra til at det skapast prosjekt innan allmennkultur og idrett av høg kvalitet som kjem kulturliv, idrettsliv, frivillige og innbyggjarar i Møre og Romsdal til gode.

Tilskotsordninga skal bidra til å nå måla i planverket til fylkeskommunen.

- [Fylkesplan 2025–2028](#)
- [Fylkesstrategi for kultur, frivillig sektor og arenaer 2022–2025](#)

Kven kan søke om støtte?

Fylkeskommunalt tilskot til allmennkultur og idrett kan gis til institusjonar, frivillige lag og organisasjonar.

Kva kan du søke støtte til?

Det gis tilskot til prosjekter innan allmennkultur og idrett som er av regional interesse og verdi for eit større geografisk område, utover det lokale.

Du kan få støtte til å prøve ut nye prosjekt som kan vere med på å vidareutvikle kulturlivet i fylket, f.eks. gjennom pilotprosjekt med overføringsverdi til andre.

Størrelse på tilskot vurderast i forhold til budsjett for kvart prosjekt og i forhold til tilgjengelege midlar.



Når søknaden din gjeld eit idrettsarrangement

I denne ordninga kan du søke støtte til større idrettsarrangement. Med «større idrettsarrangement» meiner vi meisterskap, cup eller stemne på nasjonalt eller internasjonalt nivå. Senior- og juniormeisterskap vil bli prioritert over andre meisterskap, f.eks. veteranmeisterskap.

Viss det er knappleik på midlar, vil vi prioritere idrettar og idrettslag som ikkje har fått støtte frå fylkeskommunen tidlegare.

Kva blir det ikkje gitt støtte til?

I denne ordninga kan du ikkje få støtte til

- ordinær drift
- forprosjekt
- prosjekt som dekkes av Den kulturelle skolesekken sitt ansvarsområde
- institusjonar som får driftsstøtte frå fylkeskommunen.
 - Det kan i unntakstilfelle vurderast prosjektstøtte til institusjonar som får fylkeskommunal driftsstøtte dersom tiltaket ikkje er en del av den ordinære drifta.
- prosjekt som blir arrangert for å samle inn midlar
- politisk verksemd. Det betyr også at politiske parti, ungdomspolitiske parti eller fagforbund ikkje kan søke om støtte i ordninga.
- kostnadar knytt til deltakaravgift og reise til seminar, utdanning, studietur og liknande
- innspeling og utgiving av litteratur, film eller musikk
- innkjøp av utstyr

Private samlingar og lokale museum dokumenterer og formidlar ofte viktig historier og kulturarv. Slike verksemdar kvalifiserer seg til økonomisk støtte gjennom konsolidering med eit av regionmusea.

Søknadsfrist

1. april og 1. november



For søknadar til fristen 1. november må prosjektet gjennomførast i perioden 1. januar til 30. juni. Søknadar levert til fristen 1. april må gjennomførast i perioden 1. juli til 31. desember. Søknadar som gjeld prosjekt utanfor den aktuelle gjennomføringsperioden, vil ikkje vil bli behandla.

Generelle krav som må oppfyllest

Viss søknaden din ikkje oppfyller desse krava, kan du ikkje få støtte i denne ordninga.

- Prosjektet må ha regionalt nedslagsfelt og/eller regional verdi. Det betyr at tiltaket må omfatte store deler av fylket og/eller ha ein funksjon som er av vesentleg regional interesse og verdi.
- Prosjektet skal vere ope for alle
- Prosjektet må bidra til å nå mål i planverket til Møre og Romsdal fylkeskommune
- Profesjonelle aktørar som blir leid inn skal behandlast likt og få lønn i tråd med gjeldande bransjestandardar.

For å fremme tilgjengelegheit og inkludering oppfordrar vi alle søkarar til å bruke prinsippa om universell utforming. Da kan prosjekt vere tilgjengelege for alle deltakarar uavhengig av fysiske eller kognitive forutsetningar.

Søknaden må innehalde

Søknad må leverast elektronisk i god tid før det skal gjennomførast. I tillegg må den innehalde:

- Budsjett med finansieringsplan (forventa inntekter og utgifter). Budsjettet må innehalde oversikt over alle tilskuddsparter. De må oppgi om andre finansieringskjelder er omsøkt eller tildelt.
- Fylldig omtale av kva de søker støtte til
- Forklaring av korleis tiltaket treff prioriteringskriteria og mål i planverket
- Den fylkeskommunale støtta kan maksimalt utgjere 50 prosent av totalbudsjettet

Eigeninnsats kan telle med som del av eigenfinansieringa av prosjektet.



Slik prioriterer vi kven som får støtte

Søknadane blir vurdert og prioritert etter desse kriteria:

- Tiltaket koplar saman aktørar og stimulerer til samarbeid på tvers av kulturfelt og geografi
- Nye tiltak prioriterast. Det betyr at vi vil prioritere prosjekt som ikkje har fått støtte frå fylkeskommunen tidlegare.
- Tiltak som kan vise til nyskaping og utvikling.
- Tiltak som òg får økonomiske støtte frå kommunen eller andre kjelder

Ideelle og religiøse organisasjonar som søker om støtte skal likestillast.

Vilkår for tildelinga

At tildelinga er gitt på vilkår betyr at du må følgje opp og gjennomføre punkta som står nedanfor. Vi vil kontrollere at vilkåra er følgt.

Vanlegvis utbetalast 75 prosent av tilskotet ved tildeling og resten etter at rapporten og prosjektrekneskapet er levert.

1. Du må bruke pengane innan eit år

Tilskotet skal fortrinnsvis brukast innan eit år frå tildelinga er gitt. Dato for tildeling finn du i tildelingsbrevet. Det kan søkast om utsetting i ytterlegare eit år. Dette må gjerast innan fristen som er satt i tildelingsbrevet. Etter to år blir tilskotet automatisk trekt tilbake.

2. Du må sei ifrå om endringar

Prosjektet eller tiltaket må gjennomførast slik det er søkt om og i tråd med grunngivinga i vedtaket. Viss det er nødvendig å gjere endringar må du avklare det med fylkeskommunen på førehand. Støtta frå fylkeskommunen kan maksimalt utgjere 50 prosent av det totale budsjettet. Viss tiltaket ikkje gjennomførast som planlagt, eller kostnadene blir lågare enn budsjettert, kan støtta bli redusert.

3. Du må rapportere og føre rekneskap

Rapporten skal gjere greie for gjennomføringa av prosjektet eller tiltaket i forhold til søknaden. Rekneskapen skal vise korleis støtta er brukt og settast opp slik at det kan



samanliknast med budsjettet du sendte i søknaden. Støtta frå fylkeskommunen skal spesifiserast i rekneskapen.

For tildelingar under 350 000 kroner skal sluttrekneskapen vere kontrollert og signert av nokon som ikkje har vore med i føringa av rekneskapen. For tildelingar over 350 000 kroner, skal rekneskap vere godkjent av autorisert revisor.

Rapport og rekneskap skal sendast elektronisk via fylkeskommunen sitt nettbaserte rapporteringsskjema.

Om vilkåra i brevet og rapporteringskrava ikkje blir følgt, blir støtta automatisk trekt tilbake etter to år.

4. Du må få sluttrapporteringa godkjent for å få utbetalt siste del av støtta

For å få utbetalt dei siste 25 prosentane av tildelinga di, må du sende inn sluttrapport. Når saksbehandlar har godkjent rapporten din, blir det gjenståande beløpet betalt ut. Du må sende rapport innan fristen som du finn i tildelingsbrevet.

Har du ikkje rapportert, og på den måte bedt om å få den siste delen av støtta di utbetalt, vil den falle vekk etter to år.

Rapport og rekneskap skal sendes elektronisk via fylkeskommunen sitt nettbaserte rapporteringsskjema. Rapporteringsskjema finn du via denne lenka:

<https://dialog.mrfylke.no/dialogue/>

5. Du må synleggjere støtta du får

Støtta frå fylkeskommunen skal synleggjerast ved marknadsføring. Det skal òg komme fram i årsmelding og eigen post i rekneskapen at det er mottatt tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune.



Viss du ikkje følger vilkåra

Har du gitt ufullstendige eller feilaktige opplysingar i søknaden din, kan vi krevje at du må betale tilbake heile eller delar av støtta. Dersom vi ved ein feil utbetaler for mykje, skal det som er utbetalt for mykje betalast tilbake.

Ved hjelp av rapporten du leverer vil vi kontrollere at vilkåra er følgt, og du må gi alle nødvendige opplysingar for at fylkeskommunen kan gjennomføre denne sjekken. I tillegg vil det bli gjort tilfeldige utvida stikkontrollar blant dei som har fått støtte i ordninga.

Du har rett til å klage

Vedtak i tilskotssaker er eit enkeltvedtak ifølge forvaltningslova § 28. Det betyr at du kan klage innan tre veker frå den datoen du fekk brevet.

Om du sender inn ei klage, vil kulturavdelinga gjere ei ny vurdering i saka. Dersom ikkje vedtaket blir omgjort, blir klaga sendt til fylkeskommunen si klagenemnd for behandling. Det må påreknast saksbehandlingstid.

Klaga og eventuell dokumentasjon kan sendast digitalt via e-Dialog, som du finn gjennom denne lenka: <https://svarut.ks.no/edialog/mottaker/944183779>

Ei presisering om kulturtilskot

Kulturtilskot er ei moglegheit for støtte til gode prosjekt, men ikkje ein garanti. Tildelinga skjer ut frå fastsette retningslinjer, krav og prioriteringar, som er opne og tilgjengelege for alle.

Tilskotsmidlane er avgrensa, og det kjem ofte fleire søknadar enn det vi har midlar til. Derfor vurderer fylkeskommunen søknadane etter ei heilskapleg skjønnsutøving. Sjølv søknadar som oppfyller alle krava, kan få avslag eller ein lågare sum enn søkt beløp. For å kunne gi tilskot, må vi ha nok midlar i budsjettet.